



**Mange:** 110 løparar stilte til start i Skuggenatten opp.

# Nær 300 i motbakkkar

Verdas raskaste løpar opp til toppen av Skuggenatten kjem frå Eritrea. Fleire nissedølar imponerte på heimebane i eit arrangement svært mange støtta opp om.

**VTB** Geir Ufs  
geir.ufs@vtb.no

Fjoråret debutarrangement Skuggenatten opp i Treungen samla nær 250 deltakarar i tur- og tevlingsklassene. Laurdag var det nær 300 store og små som valde å bli med på folkefesten i heia.

– Det er veldig gøy med så mange deltakarar. I konkurranseklassa var det med 25 løparar frå Nissedal kommune, og mange av dei er ungdommar, seier treungen Olav Nilsen, idémakaren til arrangementet.

110 personar var påmelde i konkurranseklassene, og 95 av dei fullførde. Blant dei var ikkje Nilsen sjølv.

– Eg hadde sprunge bare 500 meter, så smalt det i leggen ...., ristar Nilsen på hovudet.

## Sterk tid

Det er nok grunn til å riste på hovudet av andre også som sprang, men då med tanke på knallgode prestasjonar. Tomas Bereket (24) frå Eritrea har vore 8 månader i Noreg som flyktning.

Like før laurdagens start melde han seg på sitt fyrste motbakkeløpet i det han ynskjer skal bli hans nye heimland. Mange tilskodarar på toppen av fjellet heia då friskusen kom i mål på tida 24.04 på 4,3 kilometer og 456 høgdemeter frå startområdet. Tida mangla eitt sekund på å vere tri minuttar betre enn vinnartida til Jann Olav Tjønneland i fjor.

– Ny verdsrekord opp til Skuggenatten, blei det sagt på toppen.

– 24.04 hadde eg ikkje venta, og tida er ekstremt god, seier Nilsen. Bereket jubla etter å ha kome i mål, og sidan han tok spurtprisen etter to kilometer, sette ny løyperekord og vann, sprang han inn totalt 8.000 kroner i premiar.

– Eg sprang veldig bra i dag, og dette var moro. Løpet var perfekt for meg, smiler Bereket til VTB rett etter målgangen.

## Ny andreplass

Også i år kom Svein Olav Utistog

frå Vinje IL på andreplass. Tida blei 26.43, og det er 21 sekundar betre enn i 2010.

Ein av dei som imponerte mest var 14-åringen Dag Blandkjenn frå Kristiansand. Han kom i mål som tredje løpar, og fekk den sterke tida 27.02.

– Bereket stakk med ein gong. Løpet var tungt, men eg likar oppoverløp. Eg kjem att til Skuggenatten opp, dette var gøy, seier ungguten til lokalavisa.

Hans Kristian Lahus frå Skade blei nummer fire (27.27), og fjorårsvinnar Tjønneland måtte ta til takke med femteplass (27.34). Vidare er det verdt å merke seg sjetteplassen til Eivind Romberg Kvaale frå Høydalsmo, som elles vann klasse 16-19 år.

I klassa under, 13-15 år, sprang Torjus Narvesen Fossli (Nissedal IL) på sterke 33.03, og klubbkamerat Kim Andre Aarak Nielsen var bare 6 sekundar bak. Dei sikra seg andre- og tredjeplassen i klassa.

## Nissedalsmeistrar

Tvillingane Ole og Robin Løken Nordli (11) frå Treungen heiv seg med på løpet for moro. Det gjekk styggfort opp heia, og dei kom inn på tidene 36.12 og 35.36.

– Dei må vere skikkelege løpstalente, seier Nilsen om prestasjonane.

– Det var veldig varmt, tungt og så var det ein som sa eg hadde fått mjølkesyre i beina. Det var gørrmoro å vere med, i alle fall då eg kom på toppen, smiler Ole.

– Det var ei fin og gøy oppleving, men tungt. Det var aldri snakk om å gje opp, og eg kunne ytt endå meir, kjem det frå Robin.

– Skikkelege fjelljasar, undrar bladfyken.

– Ja, me er vel fjelljasar, svarar

tvillingane i kor med smil.

Som i fjor vann Brita Cecilie Mustad kvinneklassa. Tida blei 29.45, over minuttet betre enn sist. Dermed kunne ho innkassere 7.000 kroner.

– Det var sjukt hardt. Oppoverløp og så varmen i tillegg. Det var nesten så det svartna, seier Mustad etter målpasinga.

Ho syntest arrangementet i fjor var så fint at ho ville kome att. Dessutan var det ei oppleving for dottera (5) å ta fjellturen då, og den vesle hadde lyst på ny tur.

Slik blei det laurdag, saman med bestemora.

– Dette er eit kjempefint arrangement, rosar Mustad.

Gunhild Halle Haugen stakk av med spurtprisen på 1.000 kroner, men kom i mål godt over minuttet etter vinnaren.

Med tida 38.54 blei Tori Tveit nissedalsmeister blant kvinnene, medan Øystein Leirvik tok denne tittelen ned av heia i herreklassa.

– Det var grusomt, men gøy då eg kom til toppen, seier Leirvik om opplevinga.

## 150.000 i sponning

Heile bygda står bak motbakkeløpet, og både kommunen og næringslivet er med og bidreg. Nilsen rosar mellom anna Stian Solberg som stilte opp med helikopterservice på dugnad, ein verdi rekna til nær 50.000 kroner.

– Fantastisk, seier Nilsen. Vidare sponsa det lokale næringslivet med verdiar til nesten 100.000 kroner, der 60.000 var reine pengar.

– Imponerende, slår Nilsen fast. Onsdag hadde han som lærar på Åmli vidaregåande skule med seg 60 elevar på løp til Skuggenatten for å teste tidtakarsystemet. Laurdag sprang tevarane med elektroniske brikker for å registrere tida, utstyr som kosta 20.000 kroner å leige.

Ved neste arrangementet skal ein gjere somme ting betre; meir drikke ute i løypa til alle som tek turen opp fjellet, og det skal bli betre fyrstehjelpsopplegg på toppen. Og kanskje kan tiltaket bli eitt av fem noregscupløp i motbakkkar.



**Nummer to:** Det blei ein ny andreplass på Svein Olav Utistog.

– Me søkjer og så får me sjå. Det hadde vore kanon å fått noregscupløp, og då får me topp løparar heile vegen, seier Nilsen.

– Skuggenatten opp er eit lagarbeid, og det er kjempegod dugnadsvilje i bygda. Arrangementet har kome for å bli, avsluttar Nilsen.



**God timeløn:** Brita Cecilie Mustad sprang inn 7.000 kroner på under halvtimen.



**Lokale krefter:** Øystein Leirvik (nr to frå høgre) blei nissedalsmeister med klar margin. Hans Inge Hagen (t.v.), Håvard Rekvik og Tor Gunnar Homme gjorde også gode prestasjonar.

## Blodslitet var verdt det

Ja, Skuggenatten opp er like hardt som det høyrest ut som. Berre spør VTB sin utsendte.

**VTB** Gjermund Midtbø  
redaksjon@vtb.no

Eg står på startstrekken saman med 109 andre spreke løparar. Snart skal eg angre bittert på at eg i heile teke meldte meg på. Enno er eg optimist. Eg har heilt gløymt kor tungt det var i fjor, og merkar at eg ser fram til å klyve opp det bratte fjellet. Den kjensla varar ikkje alt for lenge.

Etter ein flat start på den gamle jernbanevegen, ber det ut i skogen. Stigninga byrjar så vidt, og eg synest eg har fått til ein god start. Ein del meter framfor meg ser eg leiargruppa i ein forrykande fart. Desse har eg ingen intensjonar om å prøve å fylgje. Planen min er ein kontrollert start, ettersom eg veit kor hardt det kjem til å bli når eg nærmar meg toppen. Det hardeste partiet kjem alt etter 1,5 km. Løypa går skrått oppover dei svært bratte sverberga, og mange framfor meg startar å gå med lange skritt. I det lengste prøvar eg å springe med korte og raske steg, men når alle framfor deg går, blir ein svært freista til å gjere det same. Eg prøvar likevel å utnytte at mange går, og klarar å passere nokre av konkurrentane i løypa. Det hjelper alltid på motivasjonen å sjå konkurrentar som slit meir enn deg.



**Klargjering:** Det er like før start, og alt må vere i orden. (Foto: Geir Ufs)

eg då skjønne kvifor eg frivillig utset meg for ei slik smerte endå ein gong. Heldigvis, fann eg svaret på toppen også denne gongen.

## For ein kjensle

Målet nærmar seg. Masta på toppen av Skuggenatten viser seg endeleg framfor meg. Enno var det eit stykke igjen til målskiltet, men no måtte eg klare å mobilisere alt eg hadde og ta ut alt. Då var det godt å ha nokon å jage oppover den siste harde bakken. Her prøvde eg meg på eit lite Northugrykk, og smatt forbi to-tri løparar. Rykket kosta forferdeleg mykje dei siste metrane opp til mål, og beina kjentes ut som gele der eg blei heia fram av dei framtmøtte på toppen. Etter 31 minuttar og 36 sekundars blodslit kunne eg endeleg legge meg ned på toppen, med ei fantastisk kjensle inni meg. Eg hadde klart å ta ut alt eg hadde, og pressa meg optimalt av det eg kunne denne dagen. No kunne eg smile av at eg for berre fem minuttar sidan ikkje skjønnte kvifor i verda eg hadde meldt meg på. Kjensla av å tatt deg heilt ut når du ligg på toppen av Skuggenatten med ein fantastisk utsikt rundt deg er berre så utruleg verd alt blodslitet.



**Raske:** 14-åringen Dag Blandkjenn var ikkje veldig langt bak knallsterke Tomas Bereket frå Eritrea.